



2. informasjonskriv 10.08.2011

Til Alle utstillarar på Matfestivalen i Bergen 2011 Velkomen til Bryggen og Bergen!

Det er no ein månad att til Matfestivalen 2011!

Vi ynskjer å informera litt om stoda så langt, samtidig vil vi ha ei tilbakemelding om kven som kjem på festivalen, kva ein ynskjer av straum, vatn, parkering og anna utstyr. Vedlagt ligg eit skjema der vi har fylt ut dei opplysningane som vi har motteke så langt. Ver venleg å sjekke og fyller ut skjema og rett opp moglege feil. Det er spesielt viktig å sjå at epost-adressa er riktig, vi kjem til å nytta oss av denne informasjonskanalen. Ver og venleg å sette inn webside-adressa, så legg vi denne ut saman med den anna informasjonen på våre nettsider.

Send det inn så snart som mogleg og seinast innan 22. August 2011.

Det er desse opplysningane som vert nytta til blant anna festivalavisa, utstillarkort, opplysningar til Mattilsynet og brannvesenet.

Påmelding:

Det er stor pågang på utstillarar i år! Det er pr dags dato ca 85 påmeldte, vi ventar fleire. Standplasseringar vert fordelt først til dei som sende inn påmelding innan fristen. Vi må og ta omsyn til regionvise plasseringar og til straum og vatn. Vi kjem til å bygge opp fasilitetar i området slik at plassen vert nytta på ein god måte.

Sikkerheit:

Matfestivalen i Bergen har strenge krav til sikkerheit både for folk og verdjar. Festivalkomiteen har god erfaring med dette og prøver å legge alt til rette for deg som utstillar. Vårt ynskje er at du skal få best mogleg utbytte av årets festival og at du skal kunne reise heim med gode minne og ei velfylt lommebok. Det er og opp til deg å være førebudd til festivalen, med nok varer, materiell, prislister og salsutstyr til eigen stand.

Vi ventar at de les nøye dei tilsende skriv, Mattilsynet og brannvesenet vil ta stikkontrollar på dette.

Matfestivalen:

Opningstider:

Fredag: 12:00 - 20:00

Laurdag: 10:00 - 18:00

Sundag: 10:00 - 16:00

Fredag er det mange som er ute for å sjå, det er ofte kaotisk i oppstarten, men det går seg til ut over dagen.

Laurdag er den store salsdagen, mens søndag er den store familiedagen der det går litt roligere føre seg. Tar vi det alle med eit smil, går dette bra.

Festivalkontor:

Er ope frå kl 08:00 på fredag. Alle utstillarar må kome inn for registrering og utlevering av materiell. (Festivalkontoret er merka av på kartet. I år blir plasseringa i første etasje).

Parkering:

Vi gjer merksam på at det ikkje er festivalarrangøren si oppgåve å finne parkering til alle. Vi har i alle år hatt parkering for inntil 60 bilar på Koengen, men dette vert innskrenka i år då Festninga har trong for plassen deler at tida til eige arrangement. Meir opplysningar om dette i neste brev.

Vi ber difor om at dei som har andre alternativ nyttar seg av dette. ByGarasjen og Klostergarasjen er gode alternativ.

Trafikk, Varelevering,

På grunn av omfanget av Matfestivalen, vert Bryggen regulert for trafikk alle festivaldagane. Det vil til ei kvar tid vere politi og trafikkvakter som regulerer all inn og utkjøring i festivalområdet. Dette er eit pålegg Matfestivalen har fått for å sikre ferdsla i og rundt Bryggen og festivalområdet.

De skal nytta Kaisida til av og pålessing av varer til eigen stand. Innkjøring til kaisida er frå nord (dvs. frå Åsane- sida) og utkjøring mot sør (mot Fisketorget). Festivalen har nokre sekkehjul og traller til disposisjon, men det er lurt å ta med seg egne sekkehjul eller vogn.



Det er ikkje mogeleg å nytta busshaldeplassen eller området Bryggen/ Nicolaikirkeallmenningen til varelevering. Av - og pålesing av varer bør skje før opninga av Matfestivalen kl 10:00. Ved supplering av varer nyttar du kaisida. Alle må retta seg etter pålegg frå politi, trafikkvakter og festivalarrangør.

Det er lurt å være tidleg ute med varelevering. Mykje av utstyr etc. kan fraktast inn torsdag kveld, dvs. dagen før festivalen startar. Parkering på Koengen er tilgjengeleg til kl. 23:00. For dei som har mykje utstyr og varer som kan "overnatta" under presenning, vil vi tilrå dette. Torsdag kveld er det råd å koma inn i festivalområdet med bil. Presenningar er å finna til kl. 20:00. Kontakt oss på tlf. 930 48 545/951 18 490. Vi vil ha vakt på området om natta, f.o.m. torsdag kveld t.o.m. søndag morgon.

Vær venleg og retta dykk etter pålegg frå vaktene (det hjelper lite å "kjenne nokon" i festivalleinga).

Brannsikring:

Brannkrava er skjerpa i høve til tidlegare år. I år er det bestemt at vi skal ha ein eigen internkontroll på dette området. Vi legg ved kart over området som viser tilgjengeleg brannslukningsutstyr og brannslangar. Vi er og pålagt å skjerpe kontrollen av elektriske apparat og må unngå overdriven bruk av fleirpunkt stikkontaktar. Arrangøren legg strøm fram til standboden og utstillarane må sjølv skaffe gode skøyteleidningar. Kumlokk og hydrantar må være tilgjengelege og ikkje dekkast til. Alle festivaldeltakarane (standansvarleg) må skrive under på at dei har lest branninstruksen, som ligg vedlagt.

Matsikkerheit:

Matfestivalen vil sette ut handvaskestasjonar på alle standane, desse er kun til dei som arbeider på standen, og må brukast! Festivalvaktene vil etterfylle vatn og papir ved behov.

Mattilsynet vi vere tilstades under heile festivalen. Vi oppfordrar alle til å tenkje gjennom eigne hygienerutinar og til å ha med naudsynt materiell (som eingongshanskar, såpe) og oppbevarings plass (som kjøøl og frys). Det er ikkje mogeleg å vaske eige utstyr på festivalområde. Rutinar for dette må førebuaast. Alle festivaldeltakarane (standansvarleg) må skrive under på at dei har lest instruksen frå Mattilsynet, som ligg vedlagt. (Vi arbeider med ei løysing på oppvask av utstyr, men dette er enda ikkje på plass).

Komsamankveld

Meir opplysningar om dette kjem seinare, men det vert lagt til laurdag kveld.

Velkomen!

Vi som festivalarrangør ynskjer alle velkomne til spanande dagar på Bryggen i Bergen. Vi håpar alle, vi som arrangør og du som deltakar, kan bidra positivt for få vellukka festivaldagar.

Kart og standplassering er vedlagt, men det kan kome endrigar og dei berørte vert kontakta.

Bergen 10,08.2010

Med venleg helsing!

Gunnar Nagell Dahl
Festvalsjef / Matattache`
Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga

Tel; 55 57 21 50
Mob: 95 11 84 90